

Informasjon om rekneskapsplikt for NUF

Norskregistrert utanlandsk føretak (NUF) som utøver eller deltek i verksemd i Noreg eller på norsk kontinentalsokkel, og er skattepliktige til Noreg etter norsk intern lovgiving, har rekneskapsplikt. Rekneskapspliktige NUF skal sende inn årsrekneskap med opplysingar om noter, årsmelding og revisjonsmelding til Rekneskapsregisteret. I følge [revisorlova](#) er det i visse tilfelle unntak frå å levere revisjonsmelding. Innsendingsplikta gjeld til eininga er sletta i Føretaksregisteret.

Komplett årsrekneskap for rekneskapsåret 2015 må sendast inn samla via Rekneskapsregisteret sine [skjema i Altinn](#). For å unngå forseinkingsgebyr er siste frist 31. juli 2016.

Rekneskapen for den norske filialen skal sendast inn. Har det utanlandske hovudføretaket rekneskapsplikt i heimlandet, skal også den utanlandske rekneskapen sendast inn. Ved innsending av den utanlandske rekneskapen, skal rekneskapstala for det utanlandske hovudføretaket leggjast inn i vedleggsskjemaet, mens det norske filialrekneskapen blir lagd ved som filvedlegg. Registrert kontaktperson har tilgang til å sende inn årsrekneskapen i Altinn.

Innsending av årsrekneskap til Rekneskapsregisteret må gjerast i tillegg til eventuelle rapporteringar til Skatteetaten.

Eininga er ansvarleg for betaling av eit eventuelt forseinkingsgebyr. Dersom eininga ikkje betaler, vil alle styremedlemer, eventuelt dagleg leiar, vere solidarisk ansvarlege for betaling. Etter dagens satsar kan forseinkingsgebyret maksimalt bli kr 53 300,-.

Sjå meir informasjon om skjema og den [detaljerte rettleiinga](#) vår i Altinn.

Kontakt Rekneskapsregisteret på firmapost@brreg.no dersom opplysingane vi har om eininga si rekneskapsplikt ikkje er korrekt.

Rekneskapsregisteret 20. juni 2016